

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 61/2005

Møtedato: 7.12.05

Arkiv nr: S 772

S 772, Nøsen – søknad om sel

Rune Øygard søker om å få føre opp eit sel på 23 m² på stølen på Nøsen. Selet er tenkt plassert i tunløysing med eksisterande sel som er 40 m² stort. Selet er alt ført opp.

I søknaden opplyser stølsbrukaren at han brukar stølen til slått. Ved samtale med Øygard opplyste han at stølen ikkje var i bruk i dag. Han driv produksjon av for heime på garden for sal. Han vil starte opp att tilsvarande produksjon på stølen. Han har planlagt å starte opp arbeidet med å kultivere jordet på stølen sumaren 2006.

Stølsbrukar opplyser at han vil ta opp att bruken av stølen og søknaden skal då behandlast som støl i bruk etter § 13 i stølsforskriftene, jf. §14 siste setning: *Skal seterbrukaren ta opp att seterdrifta, kan seterhusa byggjast om eller utvidast etter reglane i § 13 i denne forskrifta.*

Støl som er i bruk skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnyttning av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Statskog skriv i brev datert 8.11.05 følgjande:

Vi har registrert sel på 40,7 m² + terrasser. Ifølge søknadsskjemaet slås stølsvollen.

Det blir da opp til fjellstyret å vurdere om det er behov for mer bebyggelse i den drifta som foregår på stølen.

I søknadsskjemaet er Bakkåkerjordet oppgitt som navn på gardsbruket 75/7. På saksomslaget her er Viste Øvre det navnet som er bruk. I registreringskjemaet er Viste øvre rettet til Bakkåkerjordet. I Norges Eiendommer står det Viste Øvre på 75/7. Det er vel da det offentlige navnet på bruket og bør brukes? Vi ber om at fjellstyret tar opp dette med eieren.

VEDTAK:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene.

Byggeløyvet fell bort dersom det innan utgangen av 2007 ikkje er lagt fram dokumentasjon på at stølen er teken i bruk.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyret den 8.12.05.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Rune Øygard
Vestre Slidre kommune